Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr. til nr 7

Herad: Laudal

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: T. Kr. Steinsland

Gard:

(adresse): Laudal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Har ikkje höyrt at krøterhandlarar gav meir for ku som hadde fått skav om vinteren.

2. Har ikkje höyrt at kjötet blei svart på ku som hadde fått skav.

3. Har heller ikkje höyrt at mjölk av ku som hadde fått skav var farleg for kalvar og smågrisar.

4. Folk bruka skav til for mykje i gamal tid. Dei hadde gjerne ei leid på kor mykje dei trong. Men noko viss meng rekna i kufor har eg ikkje höyrt.

5. Til skaving nytta dei ei kniv skavkniv 3-4 dm lang med handtak for båe nevane.




Slik ein skavkniv var lett å bruka.

9217

6. Oftt sat dei inne i stova og skav, og så bar dei ut i korger eller sekkar. Ospeskav var vanle-gaste skavet, rikt på næring, og nøbene lika det godt. Men det sette let smak i mjölka. Difor skulle kun-ne ikkje få skavet medan ein mjöl-ka, men etterpå. Svært mykje skav var ikkje bra. Det gav laus mage. Eit par kg om dagen var svarande bra. Til hestane bruka dei ikkje skav her. Hestane fekk ein kjerv os-pelauv om dagen. Det var so helsugt. Seljeskav kunne og nyttast, og rau-neskav blei nok og blanda i. Skavet var trögsta når det var skralt höyår.
I slike år lei sauvar og geiler mykje vondt, serleg var det ille for geitene. Dei laut ofte på skogen og eta lyng, bar og brisk, sjölvom snöen låg hög.

7. Almenningar er det ikkje her. Men skogane var bytte slik at gardsbruka fekk både nåle og lauvskog.

8. Ved deling av skog freista dei å dela slik at bruket fekk beite til kuene, nåleskog til husebygg, og lauvslag til brenne og skav.

11 og 12. Ukjend her.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING